

Utdanningsmelding 2014

Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap

Oppfølging av prioriteringar og problemstillingar frå utdanningsmeldinga 2014

Instituttet har gjennomført ein omfattande gjennomgang av innhaldet i og progresjon mellom emna i bachelorprogrammet, og vi har hatt ein gjennomgang av arbeidskrav og vurdering i ulike emne. Ei gruppe har arbeidd med digitalisering, men dersom dette skal gjerast seriøst krevst det profesjonell teknisk assistanse som i liten grad er tilgjengeleg. Instituttet sette i gang ny programsensorevaluering, denne gongen med 3 programsensorar. Dei leverte rapport like over jul. Det er gjennomført ei rekke læringsmiljøtiltak (PEK) , mellom anna fagleg-sosiale arrangement.

Instituttet har oppgradert nettsidene våre i eit omfattande arbeid. Vi har endra namnet på AORG 324 til «Comparative Public Administration», og endra pensum og profil. Instituttet har delteke i arbeidet med å vidareføra bachelorprogrammet «Utviklingsstudier».

Planar 2015

Instituttet har alt gjennomført ein gjennomgang av vurdering og arbeidskrav i 2014, men dette vil vera eit tema også i 2015 i samband med oppfølging av programsensorevalueringa. Det er dessutan slik at den vanskelege budsjetttsituasjonen inneber at vi i nokre emne ikkje kan ha ekstern sensur og at vi må redusera seminartilbodet noko.

Det arbeidet som vart varsle i førre melding om å opna NUTR220 for fleire studentar har ikkje blitt sluttført og må vidareførast i 2015. Vi vil også i 2015 ha merksemda retta mot korleis vi kan utvikla AORG 324, ettersom dette kurset framleis rekrutterer for därleg. Instituttet tar sikte på vidare deltaking i arbeidet med å vidareføra utviklingsstudiar. Dette arbeidet vert det rapportert frå i annan samanheng. Ei viktig sak vil også bli utvikling av SV100, evt. utvikling av eit alternativt tilbod. Den vanskelege budsjettstoda talar for å gå ut av det samarbeidet vi har hatt om SV100.

Vi vil også søkja å betra profileringa på nettsidene våre. Vi vonar å koma lenger med å prøva ut digitalisering av utvalde emne. Vi planlegg vidare arbeid med læringsmiljø, studietilbod og internasjonalisering, som framgår nedanfor.

Studiekvalitet og læringsmiljø

Vi vil vidareføra arbeidet med å tilby fagleg-sosiale tiltak. Vi har utfordringar knytt til at bachelorstudentane kan oppleva BA programmet noko fragmentert. Vi vil utarbeida tiltak for dette. Det kan ta form av noko fleire obligatoriske fellestiltak, gjerne kopla til fagleg-sosiale tiltak og kan henda mentorordninga. Vonleg vil betringar i studiemiljøet også bidra til betre rekruttering. Eit anna problem gjeld skiftande studentdeltaking på nokre av emna våre. Vi vil måtta vurdera meir obligatorisk deltaking. Det gjeld særleg i emna AORG209 og AORG210.

Evaluering

Samla meiner instituttet at vi har god systematikk i gjennomføring og oppfølging av evalueringar. I 2014 har vi retta særleg merksemda mot mottak av nye programsensorar. Vi gjennomførte eit møte

for kvar programsensor hausten 2014, som introduksjon til deira arbeid. Det vart gjennomført emneevalueringer til alle emne anten vår eller haust 2014. Instituttet evaluerer kontinuerleg 1/3 av emna kvart semester. Studentevalueringane inkluderer både førelesningar og seminarundervisning. Tilbakemeldingane dannar grunnlag for ein rapport som vert formidla til undervisningsleiar og undervisningsutvalet, samt emneansvarlige. Rapportane vert godkjende i instituttrådet før dei vert publiserte i *Studiekvalitetsdatabasen*. Både emneevalueringer og programsensorrapportar er tatt opp i fellesforsa på instituttet og vil bli arbeidd vidare med.

Emneevaluering, programsensorrapportar samt seminarevaluering blir publiserte i kvalitetsportalen etter godkjenning av undervisningsutvalet. Alle slike rapportar og evalueringar for 2014 er publiserte. Programsensorrapportane peikar på viktige spørsmål knytt til profilering av masterprogramma, til strukturen dei har og til vektleggingar i ulike emne. Dette vil bli ei hovudsak i 2015.

Endringar i studietilbodet

Det er ikkje planlagt opprettingar eller nedlegging av studieprogram. Instituttet er i drøftingar med Institutt for økonomi med tanke på tilknytting til bachelorprogram i Politisk Økonomi, og vonar det lar seg realisera som studieplanendringssak i 2015. Det er oppnådd semje om grunnstrukturen i programmet. Vi ynskjer å framleis vera tilknytt eit bachelorprogram i utviklingsstudiar.

Den vitskaplege staben er midt i eit generasjonsskifte, og har fått fleire verdifulle nye medlemmer som er i ferd med å finna sin plass i staben. Fleire vil gå av i åra som kjem. Ettersom ein del av dei som har vore her lenge byrjar bli eldra får vi også utfordringar knytt til sjukdom. Eit viktig spørsmål i samband med dette vert å halda opp spisskompetanse på ulike området knytt til utdanningstilbodet vårt.

Internasjonalisering :

Instituttet har ein relativt stor nedgang frå 2013 i talet utreisande studentar. Det vert derfor viktig å ha fokus på god informasjon om utveksling til studentane for å snu nedgangen. I 2014 har instituttet hatt ein gjennomgang av avtaleporteføljen og det er laga nye informasjonssider .

Etter – og vidareutdanning

Instituttet har eit breitt etter- og vidareutdanningstilbod, som inkluderer fire emne. AORG606 Teknologileiing har undervisning både haust og vår, medan AORG602, AORG606 og AORG613 har ujamne undervisningssemester. Emna er etterspurde, og studentane gjev svært gode tilbakemeldingar på alle dei nemnde kursa. Disse emna utgjør eit viktig tilkoplingspunkt til organisasjonane i arbeidslivet og gir viktige erfaringar med arbeidslivsrelatert undervisning.